

Møteinnkalling

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	Teams
Dato:	24.10.2025
Tid:	Kl. 09.00 – 12.00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet til Sanne.Mikalsen@vlfk.no

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarleg til Sanne.Mikalsen@vlfk.no

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskolen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 09.00 Orienteringar v. rektor

Kl. 09.15 Saksbehandling

Oddmund Klakegg
Styreleiar

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
GK 11/25	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 12/25	Godkjenning av møteprotokoll frå 12.09.2025	2022/486	
GK 13/25	Godkjenning av møteprotokoll frå 09.10.2025	2022/486	

Referatsaker

RS 09/25	Samhandling mellom styret og politiske utval i fylkeskommunen	2022/486
RS 10/25	Observatør til Læringsmiljøutvalet	2022/486
RS 11/25	Orientering om opptaket 2025	2022/486
RS 12/25	Rekneskap 3. kvartal 2025	2022/486

Vedtakssaker

VS 22/25	Mellombels tilbudsstruktur 26-27	2022/486
VS 23/25	Akkreditering av ny utdanning: Praksisnær rettleiing i helse- og omsorgstenestene – Frå kunnskap til handling (10 stp)	2022/486

Eventuelt

Møteprotokoll

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	Teams
Dato:	12.09.25
Tid:	Kl. 08:30 – 09:10

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Leiar	Eigar (Sp)
Karianne Alette Torvanger	Nestleiar	Eigar (Ap)
Gustav Bahun	Medlem	Eigar (FrP)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)
Helene Frihammer	Medlem	Arbeidsliv (NHO)
Nils Petter Støyva	Medlem	Arbeidsliv (LO)
Trond Vedvik	Medlem	Tilsette
Leon Gaebpie Jensen	Medlem	Studentar

Følgjande faste medlemmer melde forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Tora Hodneland Kildehaug	Medlem	Eigar (H)
Bjørn Lyngedal	Medlem	Eigar (Adm.)

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tor Ivar Sagen Sandvik	Medlem	Eigar (Adm.) Bjørn Lyngedal

Følgjande varamedlemmer melde forfall:

Namn	Vara for	Representerer
Elias Roko Eide	Medlem	Eigar (H) Tora Hodneland Kildehaug

Merknader

Protokoll og saksframlegg sendast til uttale i Hovudutval for næring i sak PS 75/2025, 17.09.2025.

Følgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Rektor
Adeline Berntsen Landro	Prorektor for organisasjon og samhandling
Eilert Årseth	Prorektor for utdanning

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 09/25	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 10/25	Godkjenning av møteprotokoll frå 29.08.25	2022/486	

Vedtakssaker

VS 20/25	Overdraging av utstyr og strategisk utvikling knytt til Campus Førde Verftet AS	2022/486
----------	---	----------

Godkjenningssaker

GK 09/25 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 12.09.25

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 10/25 Godkjenning av møteprotokoll frå 29.08.25

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 29.08.25

Møteprotokollen vart godkjent utan merknader.

Habilitet

Ingen av medlemmene vart vurdert som ugild.

Vedtakssaker

VS 20/25 Overdraging av utstyr og strategisk utvikling knytt til Campus Førde Verftet AS

Forslag til vedtak

1. Styret i Fagskulen Vestland støttar overdraging av utstyr og infrastruktur frå Campus Førde Verftet AS til Fagskulen Vestland (Vestland fylkeskommune), og stiller seg positiv til at fagskulen tek over drift og vidare utvikling av labmiljøet ved Campus Verftet.
2. Styret ber administrasjonen følgje opp prosessen i tråd med ønskje frå generalforsamlinga 20.06.2025 og fylkeskommunens vidare handsaming.
3. Styret ønskjer at overtakinga skjer under følgjande rammer:
 - Fagskulen Vestland tek over og driftar gjeldande infrastruktur ved Campus Verftet, inkludert labfasilitetar og tilhøyrande ressurspersonar.
 - Husleige knytt til arealbruk kan ikkje belastast fagskulen sitt ordinære driftsbudsjett.
 - Fagskulen skal ha moglegheit til å tilsette personar som kan støtte opp under næringsretta aktivitetar og vidareutvikling av laben.

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 12.09.25

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke, men med ei justering av vedtakspunkt 3 tredje punkt.

Vedtak

1.Styret i Fagskulen Vestland støttar overdraging av utstyr og infrastruktur frå Campus Førde Verftet AS til Fagskulen Vestland (Vestland fylkeskommune), og stiller seg positiv til at fagskulen tek over drift og vidare utvikling av labmiljøet ved Campus Verftet.

2.Styret ber administrasjonen følgje opp prosessen i tråd med ønskje frå generalforsamlinga 20.06.2025 og fylkeskommunens vidare handsaming.

3.Styret ønskjer at overtakinga skjer under følgjande rammer:

-Fagskulen Vestland tek over og driftar gjeldande infrastruktur ved Campus Verftet, inkludert labfasilitetar og tilhøyrande ressurspersonar.

-Husleige knytt til arealbruk skal ikkje belastast fagskulen sitt driftsbudsjett.

-Fagskulen skal ha moglegheit til å tilsette personar som kan støtte opp under næringsretta aktivitetar og vidareutvikling av laben.

Møteprotokoll

Utval:	Styret for Fagskolen Vestland
Møtestad:	E-post
Dato:	02.10.2025 t.om. 09.10.2025

Følgjande faste medlemmer fekk saka til behandling

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Leiar	Eigar (Sp)
Karianne Alette Torvanger	Nestleiar	Eigar (Ap)
Tora Hodneland Kildehaug	Medlem	Eigar (H)
Gustav Bahun	Medlem	Eigar (FrP)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)
Bjørn Lyngedal	Medlem	Eigar (Adm.)
Helene Frihammer	Medlem	Arbeidsliv (NHO)
Nils Petter Støyva	Medlem	Arbeidsliv (LO)
Trond Vedvik	Medlem	Tilsette
Leon Gaebpie Jensen	Medlem	Studentar

Sakliste

Utvals- Saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
------------------	---------	-----------------	-------

Vedtakssaker

VS 21/25	Høyringsuttale – Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse	2022/486	
----------	---	----------	--

Vedtakssaker

VS 21/25 Høyringsuttale - Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Forslag til vedtak

1. Styret vedtek å sende høyringsuttale om regional plan for verdiskaping og kompetanse som det kjem fram av saksutkastet.

Saksprotokoll i Styret for Fagskulen Vestland – 09.10.2025

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret vedtek å sende høyringsuttale om regional plan for verdiskaping og kompetanse som det kjem fram av saksutkastet.

Saksnr: 2022/486-226
Saksbehandler: Sanne Mikalsen

Til Styret for Fagskulen Vestland

Frå Rektor

Samhandling mellom styret og politiske utval i fylkeskommunen

I møte den 29.08.2025, sak ES 05/25, bad styret administrasjonen om å undersøke og gå i dialog om moglegheita for å arrangere fellesmøte med aktuelle politiske utval. Det gjeld særleg Hovudutval for næring, Hovudutval for opplæring og kompetanse (OPPKO) og Yrkesopplæringsnemnda (y-nemnda).

Administrasjonen har vore i dialog med møtesekretærene for desse utvala. Tidlegare har det mellom anna vore gjennomført fellesmøte mellom OPPKO og y-nemnda.

Det finns fleire måter å organisere eit fellesmøte på:

- Ein felles orientering, etterfølgt av separat saksbehandling i kvart organ.
- Både felles orientering og felles saksbehandling.
- Ved dagens møte kan ein også legge opp til felles middag, omvisning og liknande, med separat saksbehandling.

Det er ikkje noko prinsipielt i vegen for å gjennomføre fellesmøte. Samstundes er det nokre praktiske utfordringar som ein bør vere merksam på:

Møtedeltaking

Det er ikkje mogleg å ha parallell saksbehandling med Næring og/eller OPPKO utan å innkalle vara. Dette er fordi fleire styremedlemmer har politiske verv i hovudutvala eller er direktørar for avdelingane. Det er ikkje tillate å delta i fleire møter samstundes, sjå RS 78/2025 til SAMO den 14.10.2025. Rektor meiner det er viktig at dei som har roller både i styret og i hovudutval, får høve til å delta i begge møta.

Saksflyt og påverknad

Dersom ei sak skal behandlast politisk i fleire steg etter at styret har gitt si uttale – til dømes OPPKO/Næring → Fylkesutvalet → Fylkestinget – kan det oppstå risiko for at hovudutvalet ikkje får tid til å vurdere styret si uttale før vedtak blir fatta. Dette *kan* svekke styret si påverknadskraft. På den andre sida kan vegen til påverknad bli kortare viss styret er fysisk til stades i det politiske møtet.

Praktiske omsyn

Det må også takast omsyn til plass, møtebudsjett og behov for lukking av møtet ved behandling av saker som er unnateke offentlegheita.

Rektor understrekar at det ikkje er noko prinsipielt hinder for å arrangere fellesmøte. Styret står fritt til å ta initiativ til dette. Rektor meiner det vil vere nyttig for styret å etablere tettare kontakt med dei folkevalde organa i fylkeskommunen. Administrasjonen vil bidra til å finne ei god og praktisk løysing for saksbehandlinga dersom styret ønskjer å gå vidare med dette.

Rektor rår til at styreleiar tek kontakt med leiarane for dei aktuelle hovudutvala for vidare planlegging av eit fellesmøte.

Saksnr: 2022/486-228
Saksbehandlar: Sanne Mikalsen

Til Styret ved Fagskulen Vestland

Frå Rektor

Observatør til Læringsmiljøutvalet

I samband med etableringa av eit læringsmiljøutval ved fagskulen, har Studentsamskipnaden på Vestlandet blitt invitert til å utpeike ein ekstern observatør.

Leiar for karriere og studentliv, Ingvill Thorkildsen, har blitt utpekt. Thorkildsen sitt også i læringsmiljøutvalet hjå UiB, NHH og HVL.

Styret blir orientert om saka fordi observatørrollen ikkje blei nemnt i mandatet for læringsmiljøutvalet som styret har vedteke.

Saksnr: 2022/486-231

Saksbehandlar: Ann Cathrine Ellingsen

Til Styret ved Fagskulen Vestland

Frå Rektor

Orientering opptak 2025

Innleiing

Årleg lyser Fagskulen Vestland ut studietilbod nasjonalt gjennom Samordna opptak. I tillegg til dette lyser skulen ut kurs og kortare utdanningar gjennom lokalt opptak, hovudsakleg gjennom den nye EVU-avdelinga.

I styremøtet som vart halde 29.08.25 vart det gjennomført ei kort munnleg orientering om hovudopptaket 2025.

Opptaket er no ferdigstilt slik at vi kan omtale opptaket i sin heilskap.

I tilbodsstrukturen til Fagskulen Vestland vart det i 2024 vedteke å lyse ut 33 studium, medan det i 2025 vart vedteke å lyse ut 34 studium til hovudopptaket gjennom Samordna opptak.

I byrjinga av mai 2025 vart det vedteke å avlyse tre tilbod grunna manglande søknader til studietilboda. Desse var robotteknologi, grøn omstilling i byggebransjen og demensomsorg.

Samordna opptak opna for søkarane på hovudopptaket 1. februar med søknadsfrist 15. april. Hovudopptaket vart køyrt 22. mai med svarfrist 1. juni. Suppleringsopptaket med ledige studieplassar opna for søkarar 30. mai og heldt ope til veke 34, med unntak av enkelte utdanningar som har sein studiestart. Opptaket vart avslutta veke 37.

Hovudopptaket

Generelt ser vi ein svak nedgang i førstevalssøkartal samanlikna med 2024, noko som er i tråd med utviklinga nasjonalt. Førstevalssøkarar er søkarar som har ei utdanning hos oss som første val. Etter hovudopptaket var det 1519 unike førstevalssøkarar i 2024 og 1496 unike førstevalssøkarar i 2025. Dette er ein nedgang på 23 søkarar. Det var eitt studietilbod mindre i 2024. Men vi ser at det totale søkartalet blant unike søkarar har stige frå 2119 i 2024 til 2170 i 2025. Søkarar kan søke opptak til fleire enn ei utdanning, men unike søkarar er knytt til eit individ og ikkje kor mange søknadar individet har send.

Ved studia dekksoffiser Bergen, prosess, elkraft Førde, KEM og maskinteknikk deltid Bergen ser vi ein auke frå 2024. Desse studia hadde lange ventelister etter hovudopptaket, med unntak av maskinteknikk Bergen der talet på studieplassar auka frå 40 (2024) til 80 (2025). Dette studiet låg difor ute med ledige studieplassar.

Suppleringsopptaket

Studia som hadde suppleringsopptak etter hovudopptaket var BIM-teknikar, boring, bygg heiltid og deltid Bergen, bygg Førde, bygningssakkyndig, elkraft deltid Bergen, elkraft Stord, gastronomisk reiseliv, industriell isolering, maskinteknikk deltid Bergen, maskinteknikk Førde, maskinteknikk med ISO Stord, psykisk helse og rus, sterilforsyning og smittevern i helsetenesta og vasskjemi, mikrobiologi og fiskehelse innan akvakultur.

Ved suppleringsopptak hentar opptaksansvarleg vekentleg inn opptaksdata for å få oversikt over kor mange som takkar ja til studieplass, og for å kunne opne for fleire ledige plassar ved behov. I år har opptaksansvarleg samarbeidd tettare med prorektor for utdanning for å dimensjonere tilboda til dei ulike utdanningane i eit forsøk på å treffe betre med opptakstala. Dette har ført til at vi har fått inn kandidatar raskare, før dei valde andre tilbod. Vi vurderer at denne strategien har vore vellukka, men at vi i endå større grad kunne tatt inn fleire på enkelte studium. Erfaring viser at fleire studium har fråfall heilt fram til slutten av suppleringsopptaket. Ved enkelte studium ser vi òg fråfall etter studiestart. Det er derfor spesielt viktig å ta inn fleire enn det er dimensjonert for i dei første suppleringsrundane etter hovudopptaket, medan vi framleis har kvalifiserte kandidatar som vi kan tilby plass til. Samstundes er dette ein balansegang, fordi vi må passe på både at det ikkje vert for få eller for mange ved ei tilbod.

Suppleringsopptaket vart halde ope til og med veke 34, med unntak av enkelte utdanningar som startar seinare. Vi stengde siste del av suppleringsopptaket i veke 37. På denne måten kunne vi framleis ta inn enkelte studentar etter studiestart, utan at dei misser for mykje undervisning.

Trender i år

I år var talet på søkarar nokså stabilt ved studiestadene Voss og Førde. I Bergen ser vi eit større fråfall av søkarar heilt fram til siste suppleringsopptak. I Måløy fekk alle plass, og ventelistene vart tømde. Bergen stod igjen med ventelister ved studia dekksoffiser Bergen, elkraft deltid Bergen, KEM Bergen, maskinoffiser Bergen. I Førde stod studiet elkraft Førde igjen med ventelister etter siste suppleringsopptak. Studia ved Stord låg ute med ledige studieplassar gjennom heile opptaket. Studia dekksoffiser Bergen, elkraft deltid Bergen og elkraft Førde hadde flest kandidatar igjen på ventelista etter siste suppleringsopptak.

I fjor var det elkraft Bergen heiltid og deltid samt dekksoffiser Bergen og Måløy som hadde ventelister etter siste suppleringsopptak.

Det var i år fleire kandidatar enn i fjor som ombestemte seg til tilbod i Bergen. Dette førte til at studium hadde lange ventelister heilt fram mot slutten av opptaket.

Ei anna utfordring er at det er ein del av kandidatane som ombestemmer seg og ikkje registrerer nei til tilbod i Samordna opptak. Dette gjer det vanskeleg for saksbehandlarar å få eit reelt tal på kor mange som har takka ja eller nei til studieplass, noko som igjen kan gi konsekvensar for fristilling av studieplassar.

Vi må forvente at studentane vi har på fagskulen er i større rørsle enn studentar ved lågare utdanning, og at søkarane er ofte eldre. Enkelte får jobb etter dei har søkt studiet eller har jobb og finn ut at eit studium ikkje let seg kombinere med jobb og familie. Dette gjer at dei generelt er meir i endring enn dei yngre. Det er derfor ein stor fordel at vi både overdimensjonerer tidleg, samt har kvalifiserte kandidatar på ventelister til å supplere gjennom opptaket. Det er ofte få kvalifiserte kandidatar som søker inn på dei siste suppleringsopptakene.

På dei tekniske og maritime studia søker dei fleste inn på grunnlag av fagbrev, medan på helse- og gastronomifag er delen av realkompetansekandidatar størst. Sjølv om vi i år har sett ein større del av søkarar med fagbrev på dei helserelaterte studia enn tidlegare år. På dei byggrelaterte studia er det flest søkarar med fagbrev, men òg ein betydeleg del med realkompetanse.

Konklusjon

Totalt vart det registrert 2496 søknader. Av desse var 256 basert på realkompetanse og 1803 på fagbrev, medan dei resterande galdt søkarar med yrkes- eller generell studiekompetanse. Nokre søkarar har lagt inn meir enn éi søknad, og tala for søknader og søkarar er derfor ikkje direkte samanliknbare.

Det var 170 kvalifiserte søknader med realkompetanse; 137 unike søkarar fekk tilbod, og 82 takka ja.

For søkarar med fagbrev var det 1780 kvalifiserte søknader; 1279 unike fekk tilbod, og 863 takka ja.

Totalt fekk 1438 unike søkarar tilbod om studieplass, kor 953 takka ja.

Tabellar

Tabellen viser utviklinga i talet på søknader og førsteprioritetssøkjjarar til kvart studium gjennom hovudopptaket 2025. Tala omfattar søknader, ikkje unike søkjarar, slik at same person kan vere registrert med søknader på fleire studium. Kolonnane viser talet på søknader og førsteprioritetssøkjjarar på ulike datoar i opptaksperioden, samt dimensjonering, korrigert dimensjonering og forholdet mellom talet på søknader og studieplassar.

Hovudopptak 2025

Studiar	Dimensjonering tilbudsstruktur	Korrigert dimensjonering	Tal på søkjarar pr 24.02.25	Tal på søkjarar pr 06.03.25	Førsteprio.søkjarar pr 06.03.25	Tal på søkjarar pr 17.03.25	Førsteprio pr 17.03.25	Tal på søkjarar pr 31.03.25	Førsteprio pr 31.03.25	Tal på søkjarar pr 07.04.25	Førsteprio pr 07.04.25	Tal på søkjarar pr 16.04.25	Førsteprio pr 16.04.25	Restplass pluss Overopptak minus
Anlegg Førde	30	30	13	20	11	27	18	33	22	42	27	56	36	-6
Anlegg Voss	30	30	21	30	20	33	22	43	28	50	31	69	42	-12
BIM teknikker	40	40	26	36	14	42	16	47	19	52	21	80	39	1
Boring	30	30	22	29	15	34	18	45	23	48	27	83	46	-16
Bygg H Nordnes	30	60	37	55	41	61	43	67	47	73	51	104	64	-34
Bygg D Nordnes	80	80	50	63	30	72	33	87	43	92	46	142	71	9
Bygg Førde	30	30	13	19	5	21	8	27	13	27	13	45	20	10
Bygningssakyndig	40	40	11	20	17	27	23	37	30	43	34	58	42	-2
Dekksfiser på ledelsesnivå Austevoll	30	30	46	67	21	76	22	84	23	91	23	105	26	4
Dekksfiser på ledelsesnivå Bergen	30	30	126	156	55	183	69	208	80	219	86	267	111	-81
Dekksfiser på ledelsesnivå Måløy	18	18	43	64	14	70	15	75	18	80	20	97	27	-9
Maskinoffiser på ledelsesnivå Bergen	30	30	76	95	49	106	49	124	57	129	60	160	68	-38
Maskinoffiser på ledelsesnivå Måløy	18	18	35	47	10	53	11	56	12	60	15	76	18	0
Maskinteknikk Bergen	40	80	55	74	35	86	38	98	47	105	54	167	87	-47
Maskinteknikk Førde	30	30	20	25	11	29	14	34	16	35	16	50	21	9
Maskinteknikk med Iso	30	30	15	17	11	19	12	20	12	24	16	36	24	6
Elkraft H Nordnes	30	60	34	51	29	63	37	75	43	88	49	119	64	-34
Elkraft D Nordnes	80	80	105	136	67	157	79	190	103	209	116	263	143	-63
Elkraft Førde	30	30	53	63	25	71	30	83	37	97	42	125	55	-25
Elkraft Stord	30	30	13	20	10	30	14	40	22	42	24	51	27	3
Gastronomisk reiseliv	30	25	2	4	0	6	2	16	8	22	11	37	20	10
Grønn omstilling i byggebransjen	30	30	7	9	3	11	4	15	4	17	4	33	7	23
Handverkssysting	15	15	5	7	4	8	5	12	9	20	17	36	32	-17
Industriell automasjon	80	80	55	77	37	93	42	105	51	123	58	189	86	-6
Industriell isolering	30	30	3	5	5	6	6	10	10	11	11	16	13	17
Klassisk byggningshåndverk	20	15	10	13	9	13	9	17	12	20	13	42	26	-6
Klima, energi og miljø i bygg	40	40	42	43	24	49	30	58	35	62	38	102	59	-19
Prosessteknikk	40	40	46	62	32	72	39	94	50	98	53	163	85	-45
Robotteknologi	40	40	22	25	8	29	10	34	9	41	12	79	25	15
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse innan akvakultur	30	30	1	7	4	11	6	17	10	19	11	32	14	16
Demesomsorg og psykisk helsearbeid for eldre	30	30	5	10	3	11	4	12	5	16	6	24	8	22
Psykisk helsearbeid og rusarbeid	30	40	36	45	26	52	31	63	39	68	40	107	55	-25
Sterilforsyning og smittevern i helsetjenesten	30	30	20	26	18	31	23	40	28	41	29	55	35	-5

Totalt tal på søkjarar som hadde Fagskulen Vestland som førsteprioritet i samordna etter hovudopptaket i 2024 og 2025

Utdanning/studiestad (pr16.04.2024)	Tal	Utdanning/studiestad (pr.16.04.2025)	Tal
Automasjon Bergen Heiltid	34	Anlegg Førde	36
Automasjon Bergen Nett	109	Anlegg Voss	42
Elkraft Bergen Nett	168	BIM teknikker	39
Elkraft Bergen Heiltid	73	Boring	46
Boring Heiltid	52	Bygg H Nordnes	64
Anlegg Førde	41	Bygg D Nordnes	71
Anlegg Voss	42	Bygg Førde	20
Arborist	49	Bygningssakyndig	42
Automasjon Førde	16	Dekksoffiser på ledelsesnivå Austevoll	26
BIM teknikker	50	Dekksoffiser på ledelsesnivå Bergen	111
Bygg Bergen Heiltid	71	Dekksoffiser på ledelsesnivå Måløy	27
Bygg Bergen Nett	73	Maskinoffiser på ledelsesnivå Bergen	68
Bygg Førde	15	Maskinoffiser på ledelsesnivå Måløy	18
Bygningskyndig Førde	41	Maskinteknikk Bergen	87
Dekksoffiser Bergen	85	Maskinteknikk Førde	21
Dekksoffiser Austevoll	25	Maskinteknikk med Iso	24
Dekksoffiser Måløy	32	Elkraft H Nordnes	64
Demensomsorg og psykisk helse for eldre	14	Elkraft D Nordnes	143
Elkraft Førde	47	Elkraft Førde	55
Grønn omstilling i bygge bransjen	15	Elkraft Stord	27
Klima, energi og miljø Førde	7	Gastronomisk reiseliv	20
Klima, energi og miljø i bygg Bergen	50	Grønn omstilling i bygge bransjen	7
Lokal matkultur	18	Handverkssysting	32
Maskinoffiser Bergen	76	Industriell automasjon	86
Maskinoffiser Måløy	16	Industriell isolering	13
Maskinteknikk Bergen Heiltid	36	Klassisk bygningshåndverk	26
Maskinteknikk Bergen Nett	65	Klima, energi og miljø i bygg	59
Maskinteknikk Førde	27	Prosessteknikk	85
Psykisk helse og rus Bergen	62	Robotteknologi	25
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse innan akvakultur	13	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse innan akvakultur	14
Maskinteknikk Stord	26	Demensomsorg og psykisk helsearbeid for eldre	8
Prosess Bergen	71	Psykisk helsearbeid og rusarbeid	55
		Sterilforsyning og smittevern i helsetjenesten	35

Gjennomsnitt poengsum av kandidatar som har fått tilbod på studia etter hovudopptaket 2025.

Studiar	Sum
Anlegg Førde	54,1
Anlegg Voss	51,64
BIM teknikker	51,58
Boring	52,29
Bygg H Nordnes	54,04
Bygg D Nordnes	52,96
Bygg Førde	50,68
Bygningssakyndig	45,56
Dekksoffiser på ledelsesnivå Austevoll	55,79
Dekksoffiser på ledelsesnivå Bergen	62,84
Dekksoffiser på ledelsesnivå Måløy	58,29
Maskinoffiser på ledelsesnivå Bergen	57,91
Maskinoffiser på ledelsesnivå Måløy	48,95
Maskinteknikk Bergen	56,7
Maskinteknikk Førde	51,84
Maskinteknikk med Iso	46,6
Elkraft H Nordnes	57,36
Elkraft D Nordnes	61,1
Elkraft Førde	61,4
Elkraft Stord	62,72
Gastronomisk reiseliv	45,45
Grønn omstilling i byggebransjen	Trukket
Handverkssysting	28,10
Industriell automasjon	57,38
Industriell isolering	49,05
Klassisk bygningshåndverk	55,45
Klima, energi og miljø i bygg	52,92
Prosessteknikk	59,47
Robotteknologi	Trukket
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse innan akvakultur	53,95
Demesomsorg og psykisk helsearbeid for eldre	Trukket
Psykisk helsearbeid og rusarbeid	54,11
Sterilforsyning og smittevern i helsetjenesten	50,26

I år ser vi at dekksoffiser på leiingsnivå Bergen har det høgaste gjennomsnittet av kandidatar som har fått tilbod med 62,84 poeng, medan handverksysting har lågast poengsum av kandidatar som har fått tilbod med 28,10 poeng. Studia som har høgast del av søkarar med fagbrev, høgt karaktersnitt og relevant arbeidserfaring vil ha det høgaste snittet.

Oversikt etter at hovudopptaket og suppleringsopptaket vart ferdigstilt i 2025

Tabellen under viser talet på kandidatar som har fått tilbod om studieplass, kor mange som har takka ja etter hovudopptaket og suppleringsopptaket, samt kor mange som hadde møtt til studiet per 03.10.25.

Studiar	Studieplasar	Korrigert studieplasar	Fått tilbod 16.09.25	Takka ja til tilbod 16.09.25	Tal møtt 03.10.25
Anlegg Førde	30	30	38	27	26
Anlegg Voss	30	30	38	34	28
BIM teknikker	40	35	52	28	26
Boring	30	30	36	28	27
Bygg H Nordnes	30	60	64	45	23
Bygg D Nordnes	80	80	97	63	59
Bygg Førde	30	30	33	23	22
Bygningssakyndig	40	40	51	40	36
Dekksoffiser på ledelsesnivå Austevoll	30	30	43	30	28
Dekksoffiser på ledelsesnivå Bergen	30	30	34	30	29
Dekksoffiser på ledelsesnivå Måløy	18	18	30	17	17
Maskinoffiser på ledelsesnivå Bergen	30	30	45	30	27
Maskinoffiser på ledelsesnivå Måløy	18	18	28	17	16
Maskinteknikk Bergen	40	80	111	72	65
Maskinteknikk Førde	30	30	42	21	19
Maskinteknikk med Iso	30	30	25	18	18
Elkraft H Nordnes	30	60	73	41	39
Elkraft D Nordnes	80	80	102	78	73
Elkraft Førde	30	30	45	33	33
Elkraft Stord	30	25	28	25	25
Gastronomisk reiseliv	30	25	28	14	12
Grønn omstilling i byggebransjen	30				
Handverksysting	15	15	18	15	15
Industriell automasjon	80	80	109	72	72
Industriell isolering	30	30	13	12	10
Klassisk byggningshåndverk	20	15	22	16	16
Klima, energi og miljø i bygg	40	40	50	40	37
Prosessteknikk	40	40	56	34	26
Robotteknologi	40				
Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse innan akvakultur	30	30	15	9	8
Demesomsorg og psykisk helsearbeid for eldre	30				
Psykisk helsearbeid og rusarbeid	30	40	61	37	32
Sterilforsyning og smittevern i helsetjenesten	30	30	45	25	24

Vi ser ut frå tabellen at det er enkelte studium som har større fråfall enn andre når det gjeld kandidatar som har fått tilbod og kandidatar som har møtt til studiet. Erfaring viser at enkelte kandidatar søker både på heiltid og på deltid til same studium. Dette ser vi til dømes på Elkraft Nordnes. Kandidatar som får plass på heiltid, men som seinare får plass på deltid i opptaket grunna endringar i søkarmassen, takkar då nei til plassen på heiltid og går over til deltid. Det kan føre til eit større fråfall på heiltid enn ønskjeleg. Samstundes vil det òg vere andre faktorar som spelar inn når studentane vel å takke nei til eit studium. Studia som har det største fråfallet i år mellom dei som har fått tilbod og dei som har møtt til studiet, er Bygg heiltid, Bygg deltid, Dekksoffiser Måløy, Maskinteknikk Bergen, Elkraft heiltid Nordnes, Prosessteknikk, Vasskjemi, Mikrobiologi og fiskehelse innan akvakultur, samt Psykisk helse og rusarbeid. Her er tidleg overdimensjonering viktig dersom søkarmassen er stor nok.

Lokalt opptak

I tillegg til hovudopptaket i Samordna opptak lyser skulen ut kurs og kortare utdanningar ved lokalt opptak hovudsakeleg gjennom den nye EVU avdelinga som blei oppretta januar 2025.

Avdeling for etter- og vidareutdanning (EVU) samarbeider tett med bedrifter for å kartleggje kompetansebehov og utvikle målretta opplæringstilbod. Målet er fleksibel, relevant og praksisnær kompetanseheving.

Mange av tilboda som EVU lyser ut, blir finansierte gjennom ordningar som Industrifagskulen og Bransjeprogram.

Bransjeprogram for kompetanseutvikling er eit trepartssamarbeid mellom staten og partane i arbeidslivet. Målet er å auke deltakinga i kompetanseutvikling innanfor utvalde bransjar. Bransjeprogrammet deler årleg ut tilskot til ei rekke bransjar. Det varierer frå år til år kva bransjar som kan søkje.

Gjennom Industrifagskulen kan fagskular søkje om midlar til drift av korte modulbaserte utdanningstilbod (inntil 30 studiepoeng) som er øyremerka industri- og byggrelaterte fag.

EVU skriv søknadar i samarbeid med utdanningsleiarar/lærarar, og samarbeidsbedrifter (representerte av begge partane i arbeidslivet). For tida er EVU med på å utvikle fire nye utdanningar som Fagskulen Vestland fekk midlar til ved sist utlysing av bransjeprogram.

Fagskulen Vestland, Fagskulen Viken og Fagskulen Innlandet er saman med i ein førehandspilot til Industripiloten for etterutdanning av industriarbeidarar. I samband med det har Fagskulen Vestland lyst ut fire korte utdanningar i haust, og vil lyse ut fleire til våren.

I haust har Fagskulen Vestland så langt lyst ut 13 korte utdanningar (inkludert dei fire i Industripiloten). tillegg blir det arbeid aktivt for å få i gang fleire.

Tabelloversikt over kurs, kortare utdanningar ved lokalt opptak 2025

Kurs, kortare utdanningar, lokalt opptak 2025	Studiepoeng	Søkjarar	Takka Ja/fekk	
			studieplass	Fullført
Norsk pommelier utdanning (Hjeltnes)(Vinter)	30	34	20	19
Utvikle skreddesydde KI system (Bergen) (Vår)	5	27	24	11
Utvikle skreddesydde KI system (Nettbasert) (Vår)	5	33	26	14
Utvikle skreddesydde KI system (Florø) (Vår)	5	26	26	20
EX - Elektriske installasjonar i farlege område (Vår)	10	21	21	21
Elektromagnetisk kompatibilitet EMC (Haust)	10	20	19	16
Fartøyvern 1 (Haust)	30	16	16	
EX - Elektriske installasjonar i farlege område (Haust)	10	22	20	
Energirådgjervar (Haust)	10	35	33	
Skreddesydde KI system nettbasert B (1B) (Haust)	5	32	29	
Skreddesydde KI system nettbasert A (2A) (Haust)	5	28	23	
Skreddesydde KI system (Bergen)	5	24	23	
Skreddesydde KI system (Nordfjordeid) (Haust)	5	21	18	
Anbod og kontraktar (Haust)	5	25	22	

Saksnr:	2022/486-232
Saksbehandlar	Lars Arne Førde
Dato:	17.10.2025

Til: Styret ved Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Rekneskap 3. kvartal 2025

Eining	Ansvar		Regnskap i år	Budsjett hiå 25	Budsjett 2025 Note
Adminstrasjon og leiging					
	388000/388999	OPK-FV - Fagskulen Vestland	-163 181 719	-117 626 143	-156 764 414 1)
	388010/388100	XX-OPK-FV - Administrasjon (utgåår 2026)	6 167 541	8 041 518	11 039 324
	388011/388200	XX-OPK-FV - Stab (utgåår 2026)	3 364 054	3 981 881	5 442 039
	388012	XX-OPK-FV - Skolelokale/Felles (utgåår 2026)	2 627 473	3 246 192	4 330 000
	388013	XX-OPK-FV - Fagskulestyre (utgåår 2026)	85 567	149 940	200 000
	388014	XX-OPK-FV - Markedsføring (utgåår 2026)	924 909	1 124 550	1 500 000
	388015	XX-OPK-FV - Semester- og studieavgift (utgåår 2026)	-3 424 600	-5 172 930	-6 900 000 2)
	388016	XX-OPK-FV - IT (utgåår 2026)	69 568	374 850	500 000
		Delsum	-153 367 207	-105 880 142	-140 653 051 3)
Undervisning					
	388120/388400	XX-OPK-FV - Undervisning felles (utgåår 2026)	3 032 507	3 587 895	4 785 795
	388122/388301	XX-OPK-FV - Bygg Nordnes (utgåår 2026)	12 656 528	14 788 143	20 321 007
	388123/388401	XX-OPK-FV - Bygg Førde (utgåår 2026)	11 180 259	13 687 615	18 788 921
	388124/388302	XX-OPK-FV - Elektro Nordnes (utgåår 2026)	18 747 520	18 497 911	25 455 588
	388125/388303	XX-OPK-FV - Maskin og Prosess (utgåår 2026)	11 758 199	13 103 725	18 018 269
	388126/388402	XX-OPK-FV - Elektro og Maskin Førde (utgåår 2026)	8 198 256	7 292 764	10 054 600
	388127/388304	XX-OPK-FV - Maritim Austevoll (utgåår 2026)	7 306 181	6 230 946	8 507 607
	388128/388403	XX-OPK-FV - Maritim Måløy (utgåår 2026)	7 135 653	8 137 390	11 108 579
	388129/388311	XX-OPK-FV - Maritim Nygård (utgåår 2026)	13 032 340	13 659 751	18 676 762
	388130/388305	XX-OPK-FV - Grønne og gastronomiske (utgåår 2026)	5 234 022	7 147 091	9 859 290
	388131/388305	XX-OPK-FV - Anlegg Voss (utgåår 2026)	1 994 402	2 601 568	3 573 568
	388132/388308	XX-OPK-FV - Helse (utgåår 2026)	4 694 627	6 233 183	8 577 726
	388133/388310	XX-OPK-FV - Petroleum Nygård (utgåår 2026)	5 262 343	3 397 386	4 650 864
		Delsum	110 232 837	118 365 368	162 378 576 4)
Oppdragsverksemd					
	388802	XX-OPK-FV - Kurs og kompetanse Bergen (utgåår 2026)	-780 379	-1 053 124	-1 377 775 5)
		Delsum	-780 379	-1 053 124	-1 377 775
		Totalsum	-43 914 748	11 432 102	20 347 750
		Kontroll	-43 914 748	11 432 102	20 347 750

Kommentarar:

Prosjekt er heldt utanfor i ovanfor oppstilling. Fagskulen Vestland har tett oppfølging av prosjekt og økonomi er ein viktig del av prosjektstyringa. Vi har ikkje indikasjonar på at prosjekt vil påverke driftsrekneskapen i vesentleg negativ retning, tvert imot.

1. Inntekter frå staten er ikkje periodisert i rekneskapen på månadsbasis. Det er ikkje indikasjon på vesentleg avvik frå budsjett på årsbasis.

2. Budsjett vert periodisert prorata pr måned.
3. Kostnader lågare enn budsjett pga. sjukemeldingar og to vakansar, styrer godt innanfor budsjett.
4. Må sjå heile "undervisning" under eitt av di ressursar er flyttet mellom avdelingar i rekneskapen. Lågare kostnader enn i budsjett, fagskulen synes å styre godt innanfor budsjett.
5. Det er uteståande fakturering ikkje bokført i rekneskapen. Ikkje vesentlege avvik i høve til budsjett.

Anna:

Overskot 2024: kr 4 255 368. Dette er ikkje tatt med i budsjettet over.

Investeringsmidlar 2025: budsjett kr 876 000. Dette er ikkje tatt med i budsjett over.

Saksnr: 2022/486-229
Saksbehandlar: Lars Arne Førde

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 22/25	24.10.2025

Mellombels tilbudsstruktur 26-27

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland vedtek å lyse ut følgjande tilbod og studieplassar våren 2026:

	Fagskulen i Vestland	Søkartal 2025	1. klasse	Merknad
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	59	40	
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	64	30	
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	71	80	
Nordnes	Industriell automatisering FTE01N, 120 stp	86	80	
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	64	30	
Nordnes	Elkraft FTE03N, 120 stp	143	80	
Nordnes	Robotteknologi, digitalisering og additiv tilvirkning FTT86K, 30 stp	-	30	Omprioritere industriell isolering
Nordnes	Energioverføring og høyspennteknologi KTE86K, 30 stp	-	30	Søke nye studieplassar
Nordnes	Maskinteknikk FTT04H, 120 stp	-	30	
Nordnes	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	87	40	
Nordnes	Prosessteknikk FTK01N, 120 stp	85	40	
Nordnes	Demensomsorg og psykisk helsearbeid/eldre FHH47K, 30 stp	8	30	
Nordnes	Psykisk helsearbeid og rusarbeid FHH56D, 60 stp	55	30	
Nordnes	Barn og unge psykisk helse, 60 stp	-	30	Søke nye studieplassar
Nordnes	Akutt og kronisk sjuk – observasjon – vurdering og handtering. 60 stp	-	30	Søke nye studieplassar
Nordnes	Rehabilitering, hverdagsmestring og velferdsteknologi, FHH83N	-	30	
Førde	Anlegg FTB02N, 120 stp	36	30	
Førde	Automatisering FTE01N, 120 stp	16	15	Omprioritere solenergi
Førde	Bygg FTB01N, 120 stp	20	30	

Førde	BIM-tekniker FTI53N, 60 stp	39	40	
Førde	Bygningssakkyndig FTB58N, 120 stp	42	40	
Førde	Elkraft FTE13N, 120 stp	55	30	
Førde	Klima, energi og miljø FTB03N, 120 stp	-	15	Omprioritere solenergi
Førde	Maskinteknikk FTT04N, 120 stp	21	30	
Førde	Grøn omstilling i byggenæringa FTB79K, 60 stp	7	30	
Førde	Byggautomasjon med energistyring (byggdrifter), 40 stp	-	30	Søke nye studieplassar
Førde	Solenergi, 120 stp	-	30	
Stord	Robotteknologi og digital produksjon FTT57H, 120 stp	26	25	
Nygård	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	68	30	
Nygård	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	111	30+30	Søke nye studieplassar
Nygård	Boring FTP01H, 120 stp	46	30	
Austevoll	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	26	30	
Austevoll	Vannkjemi, mikrobiologi og fiskehelse FPH05N, 30 stp	14	30	
Måløy	Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	27	18	
Måløy	Maskinoffiser FTM02H, 120 stp	18	18	
Måløy	Leiing i havbruksoperasjonar FPH06K, 60 stp	-	15	
Hjeltnes	Arborist FPS01D, 60 stp	29	15	
Hjeltnes	Lokal matkultur FTK51N, 120 stp	20	20	
Hjeltnes	Pommelier FTK59K, 30 stp	34	20	
Hjeltnes	Gastronomisk reiseliv FPR51K, 30 stp	20	25	
Voss	Anlegg FTB02N, 120 stp	42	30	

2. Fagskulen søker om 150 studentar (77,4 heiltids ekvivalentar) slik det kjem fram av saka.

Samandrag

I denne saka vert det lagt fram forslag til kva tilbod som kan lysast ut gjennom Samordna opptak februar 2026. Styret vil få ei ny sak om tilbodsstruktur til handsaming etter at opptaket er gjennomført våren 2026, og på bakgrunn av dette vedta kva tilbod som skal starte opp hausten 2026.

Torbjørn Mjelstad
Rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor organisasjon og samhandling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram forslag til kva tilbod som kan lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2026, samt kva utdanningar det er ønskeleg å søkje nye studieplassar til. Fagskulane som er ein del av det samordna opptaket skal innan uke 50 2025 ha klar ei oversikt over kva tilbod som skal lysast ut, fram til uke 51 kan ein framleis ta bort tilbod, men ikkje leggje til tilbod.

Talet på tilgjengelege studentplassar i opptaket kan justerast til opptaket er ferdig gjennomført. Styret vil få ei ny sak om tilbodsstruktur til handsaming etter at opptaket er gjennomført våren 2026, og på bakgrunn av dette vedta kva tilbod som skal starte opp hausten 2026.

Vi legg i saka til grunn at fagskulen får tilført nye studieplassar som ein følgje av statsbudsjettet 2026. Desse plassane vert såleis føreslått på vilkår av at det vert løyva nye studieplassar. Dersom fagskulen ikkje får nye studieplassar må tilboda trekkast tilbake. Tilskotet til nye studieplassar er 92 000 pr. heiltidsstudent samt eit resultatbasert tilskot på 22 000 i 2026. I saka er eventuell inntekt til nye studieplassar ikkje rekna inn i forventa ramme for 2026.

Statsbudsjettet 2026

I framlegg til statsbudsjett for 2026 vert det føreslått 900 nye studieplassar nasjonalt. Kvar fylkeskommune må søkje om nye studieplassar, og vidare fordele dette til fagskular med tilbod i fylket. Fagskulane skal søkje fylkeskommunane om tilskot innan 01. november, og fagskulane skal få svar i løpet av desember.

Forventa ramme 2026

For å berekne forventa ramme for 2026 tek vi utgangspunkt i det statlege tilskotet i 2025, samt opptrapping av studieplassar som også vart tildelt i 2025. Vidare har vi i saka lagt til grunn at det fylkeskommunale driftstilskotet vert redusert med 7,5 mill. Ikkje alle studia vi søkte om nye studieplassar i 2025 vart starta. Grøn omstilling i byggenæringa vart ikkje starta pga låge søkjartal. Solenergi vart heller ikkje starta opp i 2025. Og studiet demensomsorg vart heller ikkje starta. Fagskulen fekk også studieplassar til Industriell Isolering i 2025. Her har Fagskulen start eit kull med 11 studentar, men vi ønskjer ikkje gå vidare med dette studiet. Fagskulen skal i dialog med Vestland fylkeskommune om å omprioritere tilskota til nye tilbod. Men Fagskulen må også pårekna å måtte betale tilbake noko av tilskotet.

	Ramme 2025	Prisvekst	Endring	Forventa ramme 2026
Grunntilskot	107 434 000	2 685 850		110 119 850
Resultatbasert	31 542 000	788 550	-2 477 650	29 852 900
Nye studieplassar med opptrapping, 2020-25	23 339 000	583 475		23 922 475
Nye studieplassar med opptrapping, 2024-28	6 000 000	150 000		6 150 000
Permanent statleg tilskot - revidert i 2025	5 000 000	125 000		5 125 000
Midlertidige studier 25-28 (av 10 mill), revidert i 2025	5 900 000			5 900 000
VLFK tilskot	21 233 000	530 825	-7 500 000	14 263 825
VLFK tilskot - reinhald Måløy			-500 000	-500 000
VLFK tilskot - "prosjekter"	3 600 000		-1 600 000	2 000 000
Studieavgift	6 900 000			6 900 000
	210 948 000	4 863 700	-12 077 650	203 734 050

Tabell 1: Forventa ramme for Fagskulen Vestland 2026.

Tabell 1 syner at det er forventa ei ramme på om lag 204 mill. Ramma skal dekke alle kostnader skulen har.

Tabell 1 syner også eit forventa nedtrekk på kr 9,1 mill. frå VLFK (reinhold Måløy er held utanfor da kostnader også blir redusert), av dette er kr 7,5 mill. vedteke av fylkestinget i samband med sak om økonomiplan i desember 2023. Vedtaket frå fylkestinget var at tilskottet frå VLFK skulle utfasast innan utgangen av år 2026. I ettertid ble det derimot gjort eit nytt vedtak gjeldande for år 2025 kor tilskot blei auka med kr 5 mill. Dette siste vedtaket om auka tilskot hadde derimot ikkje "opptrappende" effekt slik som fyrst vedteke nedtrekk, dvs at for år 2026 så blir utfallet eit nedtrekk på kr 7,5 mill. Nedtrekket på kr 1,6 mill. i tabell 1 er relatert til tilskot "prosjekter", dette må sjåast å vera i tråd med forventa finansiering og plan.

Det endelege budsjettet for Fagskulen Vestland for 2026 vert handsama av fylkestinget i desember 2025, og dersom det vert gjort endringar vil styret kunne justere kva tilbod som skal lysast ut gjennom Samordna opptak våren 2026.

Slik mellombels tilbodsstruktur ligg nå for 2026 så er det omlag kr 10 mill. som ikkje er disponert.

Fagskulen vart i 2025 tilført 15 millionar i ekstra tilskot frå staten, av desse er 10 mill. ein eingongssum og 5 mill. ein permanent styrking av ramma. Dei 10 mill. vert nytta til eingongs gjennomføring av ulike utdanningar. Fagskulen starta ein ekstra klasse med bygg heiltid ved Nordnes, ein klasse elkraft heiltid Nordnes, ein klasse etter "Stordmodellen" elkraft heiltid, ein klasse maskinteknikk samlingsbasert Nordnes og ein klasse gastronomisk reiseliv samlingsbaseert Hjeltnes. Total kostnad ved desse tilboda vert omlag 13 mill. I tillegg fekk Fagskulen Vestland ein eingongssum – 2 mill. for å gjennomføre eit kull med studentar ved studiet Handverksysting. Desse midlane kom i samband med Stortinget si handsaming av revidert nasjonalbudsjett i juni 2025. Det er ei utfordring når det kjem pengar inn i eit system som baserer seg på eit prinsipp om langsiktigheit og føreseielege rammar.

Nye studieplassar i 2026

I høve til å søkje om nye studieplassar for skuleåret 2026/27 vil rektor tilrå følgjande:

Utdanning	Stad	Studenttal (Heiltids- ekvivalen)	Kommentar
Energioverføring og høyspennteknologi KTE86K, 30 stp	Nordnes	7,5	Ny utdanning utvikla på Stord i samband med desentrale og fleksible utdanningar (prosjekt). Teste utdanninga som ein del av tilbodsstrukturen tilgjengeleg for alle. Stort behov for denne kompetansen.
Barn og unge psykisk helse, 60 stp	Nordnes	15	Ny utdanning innan psykisk helse. Utvikla i samarbeid med arbeidslivet
Akutt og kronisk sjuk – observasjon – vurdering og handtering. 60 stp	Nordnes	15	Ny utdanning utvikla i tett samarbeid med arbeidslivet
Dekksoffiser FTM01H, 120 stp	Nygård	30	Opptapping av tal plassar på dekksoffiser utdanninga, stort behov i arbeidslivet og siste åra jamt høge søkjartal-
Byggautomasjon med energistyring (byggdrifter), 40 stp	Førde	9,9	Ny utdanning under akkreditering, arbeidslivet melder om behov for denne utdanninga som er utvikla i samarbeid med næringa
Sum		77,4	

Tabell 2: Oversikt - søke om studieplassar

Forslag til mellombels tilbudsstruktur 2026/27

Vidare i saka vert det vist kva tilbod som vert føreslått lagt ut i Samordna opptak våren 2026, samt talet på studentar som fortsett er i utdanning ved fagskulen neste skuleår. Først vert det vist ei oversikt over heile skulen fordelt på studiestad, og deretter vert kvar studiestad omtalt i detalj i høve til kva som vert føreslått starta opp og kva som er endring frå inneverande skuleår.

SUMMERT	Søkartal 2025	1. klasse	2. klasse	3. klasse	Sum studentar
Nordnes	808	660	503	244	1 407
Førde	252	320	178	128	626
Stord	64	25	72	-	97
Nygård	225	120	88	-	208
Austevoll	40	60	27	-	87
Måløy	45	51	46	-	97
Hjeltnes	105	80	6	-	85
Voss	42	30	29	20	79
Fagskulen Vestland	1 581	1 346	949	392	2 687

Tabell 3. Overordna tilbudsstruktur 26/27

Tabell 3 over syner at det er føreslått å starte opp med totalt 1346 nye studentar hausten 2026. Vidare syner tabellen at det vil vere 949 studentar som er aktive på andre studieår, og 392 studentar tredje studieår. Total sum studentar vil vere 2 687, men dette føreset at fagskulen får alle dei nye studieplassane som rektor føreslår å søkje tilskot for og at det er søkjare til ledige plassar.

Totalt budsjett for utdanning med dette forslaget vil vere på omlag kr 122 mill. for heile skuleåret 26/27. Dette inkluderer ikkje eventuelt nye studieplassar som i så fall vil kome i tillegg.

Vidare vert forslag til tilbudsstruktur vist i detalj for kvart studiestad. I tabellane er det vist til søkartal i 2025, og desse er dei same tala som vart presentert i saka om tilbudsstruktur for inneverande skuleår, det vil sei søkartal per 15. april 2025.

Studiestad Nordnes

	Fagskulen i Vestland	Søkartal 2025	1. kl	2. kl	3. kl	Sum	Merknad
Nordnes	Klima, energi og miljø i bygg FTB03N, 120 stp	59	40	39	25	104	
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	64	30	23	-	53	
Nordnes	Bygg FTB01H, 120 stp	-	-	22	-	22	Midlertidig
Nordnes	Bygg FTB01N, 120 stp	71	80	59	39	178	
Nordnes	Industriell automatisering FTE01N, 120 stp	86	80	71	74	225	
Nordnes	Elkraft FTE03H, 120 stp	64	30	18	-	48	
